



Bygland kommune

Sentrum 18  
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Høyringsfråsegn med motsegn til offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel - Bygland kommune

Vi syner til brev dagsett 07.07.2023 frå Bygland kommune, med vedtak om å leggje forslag til kommuneplanens arealdel ut til offentleg ettersyn.

**Statsforvaltaren vil rette stor skryt til Bygland kommune, som i denne revisjonen har synt at kommunen tek omsynet til berekraftig utvikling på alvor.**

**Samstundes har Statsforvaltaren merknadar til einiske område i konflikt med nasjonale mål om ivaretaking av landbruksjord og fremmer med heimel i plan- og bygningsloven § 5-4 motsegn til planforslaget område KBA01, B03, B04 og B05.**

### Bakgrunn

Føremålet med revisjonen er å få på plass eit oppdatert styringsdokument for kommunens arealutvikling. Det går fram av planomtalen at det overordna målet for kommunen er å sikre eit forutsigbart styringsdokument som bidrar til å vidareutvikle Bygland kommune på ein berekraftig måte i eit langsiktig perspektiv. Kommuneplanens arealdel skal følgje opp mål og strategiar frå kommuneplanens samfunnsdel og gi grunnlag for vidare og meir detaljert planarbeid.

Vi syner til Statsforvaltaren (dåverande Fylkesmannen i Agder) innspel til melding om oppstart av revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel med planprogram, dagsett 02.05.2019. Statsforvaltaren ga i dette brevet råd om å utarbeide ein arealstrategi samband med kommuneplanens samfunnsdel. Statsforvaltaren ga også råd om å varsle oppstart av arbeidet med kommuneplanens arealdel på nytt når kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi låg føre, av den grunn at statlege og regionale mynde i større grad kunne gje konkrete innspel til arbeidet med kommuneplanens arealdel, og eventuelt kunne vere meir presis om moglege konflikhtar med regionale og/eller nasjonale interesser.

Statsforvaltaren var elles positiv til at strandsoneplanen og heieplanen skulle innarbeidast i kommuneplanen, og at arealføremål som ikkje lenger var relevante skulle takast ut av kommuneplanen.



Statsforvaltaren uttalte seg til kommuneplanens samfunnsdel i brev av 17.02.2020, og var i dette brevet mellom anna positiv til at kommunen hadde utarbeida eit godt forslag til arealstrategi som speila utfordringsbilete og framtidsbilete på ein god måte.

### **Overordna innspel frå Statsforvaltaren**

Statsforvaltaren var som nemnd over positiv til at kommunen skulle ta ut arealføremål som ikkje lenger var relevante for utbygging.

Kommunen har i denne revisjonen tatt ut om lag 20 000 dekar med områder for framtidige fritidsbustadar, ein reduksjon i arealbruk som - etter det Statsforvaltaren i Agder er kjent med - saknar sidestykke regionalt og nasjonalt. Mesteparten av områda som er tatt ut av kommuneplanen er relativt sårbare høgareliggende områder på heia, som ligg knytt til store samanhengande naturområde på nær sagt alle kantar. I planomtalen går det fram at: *«Kommunen ønskjer å avgrense nye fritidsbustadområde til dalbotnen i nærleiken av vinterbrøyta veg. Målet er å avgrense bandlegging av urørt natur som ikkje er i tråd med ønska utvikling, og styrke satsinga på Byglandsfjorden som utviklings- og aktivitetsområde.»*

### **Statsforvaltaren vil rette stor skryt til Bygland kommune, som i denne revisjonen har tatt modige grep og synt at Bygland kommune tek omsynet til berekraftig utvikling på alvor.**

Arealendringar og nedbygging er i dag den største enkeltfaktoren for artar på raudlista, og ei redusert utbygging av denne storleiken er eit stort steg i retning berekraftig utvikling på miljøområdet.

Samstundes som kommunen tar ut store deler av sin arealreserve for fritidsbustadar, legg kommunen også inn relativt få nye områder i kommuneplanen. Statsforvaltaren er svært positiv til at kommunen har lagt seg på ein restriktiv linje for omdisponering av skog- og utmarksareal.

Statsforvaltaren er i det store og heile svært positiv til forslaget til nye kommuneplan for Bygland kommune, men har nokre merknadar knytt til mellom anna omdisponering av dyrka mark og tilhøve til påverknad på vassførekomstar.

#### Dyrka mark

Dyrka jord er ein knapp ressurs og jordbruksareala er også under sterkt press i form av nedbygging og omdisponering til andre føremål. Det har derfor den seinare tid vert stadig skjerpning av jordvernsomsynet for å unngå omdisponering av dyrka jord. Stortinget vedtok den 08.12.2015 en nasjonal jordvernstrategi, «Innst. 56 S 2015-2016». Jordvernstrategien hadde då ein en målsetting om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal være under 4000 daa pr år, gradvis nådd innan 2020. Strategien har sia vore revidert fleire gonger. Seinast 16. juni 2023 vedtok Stortinget ny nasjonal jordvernstrategi som har eit nytt og skjerpa mål for omdisponering av matjord, og nye konkrete tiltak for å nå dette målet. I den nye jordvernstrategien er målet for omdisponering av dyrka jord skjerpa frå maksimalt 3000 dekar (målet frå 2021) til maks 2000 dekar pr år – og målet skal nås innan 2030.

Det siste *jordvernbrevet* ble utgitt 23. mars 2022 frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. Dette klargjer at bevaring av dyrka jord er ein nasjonal interesse. I brevet understrekast kommunens rolle i å føre ein streng jordvernpolitikk, og oppmodar mellom anna kommunane til å ha ein nullvisjon for omdisponering, samt å tilbakeføre urealiserte byggeområder i planer som legg beslag på dyrka jord til LNF-formål.



I planforslaget ligg det fleire områder med fulldyrka areal innanfor nye arealføremål. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det i konsekvensutgreiinga eller i planomtalen er lagt fram moment som talar for at slik arealdisponering skal vere naudsynt for å få til ein ønskt utvikling i kommunen.

**På bakgrunn av konflikt med nasjonale føringar for ivaretaking av landbruksjord fremmer Statsforvaltaren motsegn til planforslagets områder KBA01, B03, B04 og B05. Motsegna kan løysast ved å ta ut utbyggingsområda med dyrka mark frå kommuneplanens arealdel.**

### **Vassførekomstar og vannforskriften**

Kommunen har tatt inn eit føresegn om at vannforskriften skal vurderast «ved etablering av ny verksemd». Vi minner om at det skal vurderast om vannforskriften kjem til bruk også i samband med kommuneplanens arealdel. Vi syner i den samanheng til rettleiar til bruk av vannforskriften § 12 frå Klima- og miljødepartementet – dagsett 09.07.2021 og sendt til alle Noregs kommunar 12.07.2021 – kor det mellom anna går fram følgjande:

*«Det skal vurderes konkret om § 12 kommer til anvendelse, ikke bare ved enkeltvedtak og reguleringsplaner, men også ved utarbeidelse og behandling av kommune(del)plan, regional plan og statlig arealplan etter plan- og bygningsloven.*

*I tilfeller hvor arealbruken eller andre rammer for tiltaket fastlegges allerede i en overordnet plan, og tiltaket kan være i strid med vannforskriften, skal vurderinger etter § 12 gjøres også på overordnet nivå så langt detaljeringsnivået i planen gjør det mulig. Vurderingene og avveiningene skal fremgå av saken. Det kan altså være aktuelt med vurdering etter § 12 på flere plannivåer.»*

Det er i planforslaget fleire områder som etter vårt skjønn kan kome i konflikt med måla om god kjemisk og økologiske tilhøve i vassførekomstar, mellom anna fleire av områda for framtidig vasskraft og råstoffutvinning. Felles for desse er at dei ligg i eller nære vassdrag, det ligg føre svært lite kunnskap om kva dei einskilde tiltaka vil ha for påverknad på vassførekomsten og det er følgeleg ikkje vurdert nærare om dei kan kome i konflikt med forvaltningsmål for vassførekomstar.

Statsforvaltaren ser seg difor nøydt til å ta atterhald om moglege motsegn til desse områda ved utarbeiding av detaljregulering og eventuell konsesjonsbehandling. Alternativt så kan kommunen revidere konsekvensutgreiinga for desse slik at denne vert meir detaljert, og slik at det vert mogleg å ta sikker stilling til om miljømåla for vassførekomstar vert råka eller ikkje, og at føresegna til dei einskilde arealføremåla gir klarare føringar for det vidare planarbeidet.

### **Heieplanen**

Statsforvaltaren er positiv til at kommunen har tatt omsynssonene frå Heieplanen inn i kommuneplanen. Statsforvaltaren vil gi eit klart fagleg råd om at kommunen tar inn fleire av retningslinene frå Heieplanen, tilpassa lokale tilhøve, og knytt dei til desse omsynssonene. Vi syner i den samband til uttale frå Villreinnemnda for Setesdalsområdet og støtter deira vurdering.

### **Beredskap og ROS**

ROS er teke inn som vurderingstema konsekvensutgreiinga for nye utbyggingsområde. Vidare er det gjort konkrete utredningar og vurderingar knytt til flaum og skred for einskilde større områder.

Statsforvaltaren saknar ein heilskapleg ROS-analyse av kommuneplanens arealdel, som tar for seg samla utfordringsbilete og som kan vere med på å avdekke og førebu seg på, eller førebyggje,



uønskede hendinger. Vi syner i denne samanheng til vår uttale til kommuneplanens samfunnsdel, der Statsforvaltaren mellom anna peika på utfordringar knytt til meir ekstremvær og samfunnskritisk infrastruktur som kraftforsyning, elektronisk kommunikasjon og vegnett. Statsforvaltaren saknar ein omtale av korleis kommuneplanens arealdel svarar på dette utfordringsbilete og korleis ein kan ta grep i arealdelen for å unngå uønskede hendinger.

Med helsing

Gina Lund  
statsforvalter

Tore Haugum  
landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Agder fylkeskommune  
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 788 Stoa 4809 ARENDAL  
Postboks 5091, 0301 OSLO  
Majorstuen

Statens vegvesen

Postboks 1010 2605 LILLEHAMMER  
Nordre Ål

Direktoratet for mineralforvaltning med  
Bergmesteren for Svalbard  
Mattilsynet

Postboks 3021 Lade 7441 TRONDHEIM  
Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL